

Naf As
Reidar Stangenes
Boks 9343 Grønland
0135 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/883 - 2 / KUT

Dato:
11.08.2023

Svar på arbeid med ny NAF vegbok

Vi har retta feil og føya til på PDF vedlegg NAF Veibok 2022, s 11 Austrheim kommune.

Kommentarar og endringar:

- Hordaland, Austrheim er no midt i Vestland Fylke
- Kunsthuset er planlagt å selje
- Dagsturhytta Vardetangen, sjå Ut.no [Vardetangen - dagsturhytta i Austrheim kommune \(ut.no\)](#)
- Badeplass, padlebryggje og båtforeining på Solesjøen
- Havglede på Mastrevik kai årviss i august (**ikkje Havsportsveke**)
- Fonnesdagane, konsert, familiedag i Årvika, utstillingar laurdagen på Fonnes kai.
- Landbruksdagen årviss sept/okt i og ved Austrheimhallen. Utstillingar, kåring, marknad, kortreist mat, aktivitetar for alle
- Det heiter **ikkje lenger Kystsogeveke**, men Kystkultur no, www.kystkultur.no
- I Mongstadkrysset er det butikker, Spar og Rema
- Rongevær Kysthytte DNT (**ikkje lenger Rongevær kurs- fritidssenter**)
- Turveg under Kilstraumbua frå Kilstraumen Bryggje. Bobil parkering ved Kilstraumen Bryggje
- Universell turveg til Vardetangen med toalett, og dagsturhytte. Grusa tursti frå Vardetangen til Årvika. Dette er ein kulturminneløype med mange info skilt. Frisbeegolf, gapahuk, toalett i Årvika. Parkeringsplass.
- Nordhordland er no ein del av Visit Bergen: <https://www.visitbergen.com/regionen/nordhordland>

De ønskjer spor etter gamal tid og det har vi mange av, men dei er ikkje so lett tilgjengelege i Austrheim.

På Krossøy er det parkeringsplass og kulturminneskilt. Der er freda naustmiljø, og flott kulturlandskap tursti til Gavlen.

På Selsøy er det krigsminne og historie frå motstandsørsla, lyttestasjon RisorII. Tilkomst: Parkering på Baløy kai, leige robåt frå DNT/Kysthytta Rongevær.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Langs hovudvegen passerer de Førlandshuset. Eit restaurert langhus. Ikkje ope for publikum, men kan sjåast frå vegen (Austrheimsvegen 1419). Kopi frå «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim, 2023-2032 – frå steinalder til oljealder»:

7-3.1.4 FØRLAND – Langhus, Gbnr. 151/1 Verneverdi A



Foto: Heike Lüdke - Førland

Langhuset vart restaurert på tidleg 1990-talet med mellom anna tilskot frå Hordaland fylkeskommune. I 2022 vart Førlandshuset restaurert på nytt. Bygget inneheld ei tømra stove og kjøkken med gang innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest. Bygget, som ligg på ein gard i lyngheilandskapet, er over 20 meter langt og 9 meter breitt. Stova og kjøkkenet er bygde saman med ei grindverksløy og ein tømra flor som til saman utgjer eit komprimert samanbygd anlegg. Langs stova ligg det ei torvsval mot vest og det er ei grindbygd staurval mot aust.

Legg ved forslag til nytt bilete frå Vardetangen.

Med helsing

Kari Torkildsen Utkilen
einingsleiar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Austrheim Naf vegbok s 11
Vardetangen med dagsturhytta

Mottakere:

Naf As

Boks 9343 Grønland

0135

OSLO